



Arkivsaknr: 2025/12259-1
Sakshandsamar: Arne Eikefet
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Planprogram Regional plan for verdiskaping og kompetanse - uttale

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Høyringsvar til Vestland fylkeskommune sitt planprogram for Regional plan for verdiskaping og kompetanse framgår under kommunedirektøren si tilråding.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal til innstilling i utval for levekår

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKA GJELD

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ny, regional plan for verdiskaping og kompetanse. Planen skal vere tverrsektoriell og skal erstatte fleire eksisterande regionale planar og temaplanar. Som grunnlag for planen og arbeidet med planen, er det utarbeidd eit planprogram som kommunen her er beden å uttale seg om.

Fristen for slik uttale er utsett til etter kommunestyret si handsaming.

BAKGRUNN

Den nye regionale planen for verdiskaping og kompetanse skal, saman med den nye regionale planen for areal og mobilitet, bidra til å redusere talet på regionale planar og samle viktige tema i heilskaplege og strategiske planar. Ambisjonen er å erstatte følgjande planar:

- Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033)
- Regional plan for klima (2022-35)
- Regional plan for fornybar energi (2023-2035)
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (2017-2030)
- Temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring (2021-2025)
- Temaplan Heilskapleg plan for tilbodsstruktur (2025-2035)

Planprogrammet foreslår kva føremål den nye planen skal ha, kva tema den skal omfatte, tidsplan, prosess og korleis sikre medverking.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.

Planen skal vere ein del av Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028.

Vidare skal planen sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Fylkeskommunen foreslår at planen skal omfatte to hovudtema, med kvar sine deltema:

Omstilling og konkurransekraft

- Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar
- Sirkulærøkonomi
- Innovasjonssystemet

Kompetanse og inkludering

- Breitt og fleksibelt kompetansetilbod
- Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet
- Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv

VURDERING

Planprogrammet er svært omfattande, både i tema og breidde. Statlege planer, reglar og retningslinjer vil liggje til grunn for både planprogram og ferdig plan.

Ved å etablere ein slik plan for heile Vestland kan det vere grunn for Alver kommune å stille spørsmål om den kommunale, lokale handlefridomen kan verte unødig innskrenka. Alle kommunane i Vestland er forskjellige og har sine særtrekk. Det er difor særst viktig at planen ikkje vert ei form for tvangstrøye, men heller hjelper den einskilde kommune til konkret utvikling og vekst.

Framfor å kommentere og tilbakemelde i generelle formuleringar kan det vere meir nytting å konkretisere overfor Vestland Fylkeskommune kva tema og områder Alver treng støtte og praktisk hjelp til frå ein slik plan:

Alver kommune som regional og nasjonal aktør

Alver kommune ønskjer å bli styrka som ein sentral aktør i regionale og nasjonale samanhengar. Den regionale planen bør bidra til å synleggjere kommunen sine ressursar, kompetansemiljø og strategiske posisjon, og støtte opp under samarbeid på tvers av kommunegrenser og sektorar.

Vidare utvikling av Mongstad med grøn omstilling

Mongstad er eit nasjonal viktig industriområde med stort potensial for grøn omstilling. Planen bør støtte utviklinga av nye næringar knytt til karbonfangst og - lagring, hydrogen, bioenergi og sirkulærøkonomi, og bidra til å omstille olje- og gassnæringa på ein berekraftig måte.

Samferdsel og mobilitet

God mobilitet er avgjerande for verdiskaping og kompetanseflyt. Alver kommune forventar at planen prioriterer investeringar i veg, kollektivtransport og digitale løysingar som styrkar tilgangen til arbeidsplassar, utdanning og tenester i heile regionen.

Velferd og verdiskaping i heile kommunen

Planen må bidra til å styrke både offentleg og privat sektor i heile kommunen, og sikre at verdiskaping skjer i alle delar av Alver – frå tettstadene til distrikta. Det bør leggjast til rette for lokal innovasjon, entreprenørskap og sosial berekraft.

Tilflytting av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar

Alver kommune ønskjer å vere vertskommune for nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Den regionale planen bør støtte desentralisering av offentleg sektor og bidra til å styrke arbeidsmarknaden lokalt.

Styrking av kulturlivet

Alver har eit rikt og mangfaldig kulturliv som bidrar til identitet, trivsel og næring. Planen bør støtte utvikling av kulturarenaer, frivilligheit og kreative næringar, og sikre at kultur blir ein integrert del av regional verdiskaping.

Vern av naturverdiane

Naturmangfald og landskap er viktige ressursar for både livskvalitet og næring. Planen må bidra til å verne om naturverdiane i kommunen og sikre berekraftig bruk av areal og ressursar.

Utdanning til framtidas behov

Det er behov for å strukturere utdanningstilbodet slik at det møter framtidige behov i det lokale arbeidsmarknaden. Planen bør støtte samarbeid mellom skular, næringsliv og utdanningsinstitusjonar, og bidra til fleksible og relevante utdanningsløp. Alver kommune ligg her svært langt framme med omfattande internasjonale utviklingsprosessar med praktisk hjelp og støtte til vårt lokal næringsliv.

Møte eldrebølga med kompetanse og innovasjon

Som andre kommunar står Alver kommune overfor ei aldrande befolkning. Planen må bidra til å utvikle kompetanse og kapasitet innan helse og omsorg, og støtte innovasjon i velferdstenestene for å møte framtidige behov.

Sikkerheit og beredskap

Sikkerheit og beredskap må vere ein integrert del av regional planlegging. Alver kommune forventar at planen bidrar til å styrke lokal og regional beredskap, inkludert klimatilpassing og samfunnstryggleik. Mongstad står her i ei særstilling.

Handtering av stram kommuneøkonomi

Planen må ta høgde for økonomiske realitetar i kommunane og bidra til å utvikle løysingar som gir meirverdi og effektiv ressursbruk. Det er viktig at tiltak i planen er realistiske og gjennomførlege innanfor kommunal økonomi.

TILRÅDING

Kommunedirektøren ser positivt på at Vestland fylkeskommune tek initiativ til å utarbeide ein regional plan som skal styrke verdiskaping og kompetanse i fylket. Det er svært viktig at dette ikkje blir ein teoretisk plan med lav praktisk nytteverdi.

Alver kommune har forventningar om praktisk og konkret støtte og hjelp til ei lang rekke områder som er list opp over her. Alver har også omfattande kompetanse på ulike områder som planprosessen tek opp og har ønske om å vere delaktig i den vidare fastsetting av planprogrammet og utarbeiding av sjølve planen.

I høyringsprosessen til planprogrammet er det lagt opp til strukturert tilbakemelding på kvart kapittel i forslaget til planprogram:

Rammer og føringar (kap. 2).

Det er positivt med samle oversikter over statlege føringar, reduksjonar i planhierarkiet, forenklingar og meir konkretisering overfor planarbeid og prosessar i kommunane.

Plantema (kap. 3).

Planen tek opp i seg mange relevante plantema som gjeld Alver. Særleg endringar og omstilling som gjeld aktiviteten på Mongstad er viktig å ha som aktive og kontinuerleg oppegåande plantema, tilpasse den aktuelle og mogelege framtidige situasjonen.

Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen (kap. 4)

Alver kommune har kompetanse innan mange felt i det aktuelle planarbeidet, t.d berekraftig omstilling og utvikling av sirkulærøkonomi innan landbasert oljeindustri og naudsynt utdanningskompetanse til framtidens arbeidsplassar i regionen. Her har Alver ønske

om å medverke i planarbeidet, slik at planen vert til lokal nytte og ikkje det motsette når det gjeld å nå måla i Alver sin kommuneplan.

Oppfølging av planen (kap. 5).

Utarbeiding og gjennomføring av eit konkret handlingsprogram er viktig for Alver kommune, ettersom det i vårt område vil skje vesentlege endringar innan olje- og energisektoren.. Dette kjem på toppen av dei mange andre tema som er lista opp i vurderinga over her.

Samla tilbakemelding

Kommunedirektøren tilrår at den samla politiske vedtaket i Alver kommune vert lagt inn som tilleggsinformasjon (*Anna:*) til kapittelmerknadane i høyringsprosessen.

Link til framlegg til planprogram:

[Høyring: Planprogram for Regional plan for verdiskaping og kompetanse - Vestland fylkeskommune](#)

Vedlegg

- 1 Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse.pdf
- 2 Planprogram_Utkast.pdf